

## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Formannskapet</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Videomøte</b>
<b>Møtedato</b>	<b>10.02.2021</b>
<b>Kl.</b>	<b>10:00 – 17:50</b>

<b>Funksjon</b>	<b>Namn</b>	<b>Parti</b>	<b>Forfall</b>	<b>Møtt for</b>
Ordfører	Arnstein Menes	SP	10-12	
Medlem	Karen Marie Hjelmseter	SP		
Medlem	Svein Jarle Slinde	SP		
Medlem	Bjarte Stedje	SP		
Medlem	Henny-Kristin A. Navarsete	AP		
Medlem	Gunnhild Olstad Bøyum	H		
Varaordfører	Vibeke Johnsen	SV		
Medlem	Frode Bøthun	KRF		
Medlem	Trude Risnes	V		
Varamedlem	Magne Bruland Selseng	SP		Arnstein Menes 10-12

**Til stades med møte- og talerett:** **Rådmann Ellen Marie Njøs Lillesvangstu**

**Frå administrasjonen:**

**Kommunalsjef for administrasjon og innovasjon, Tor-Einar Holvik Skinlo**  
**Kommunalsjef for plan og samfunn, Arne Abrahamsen**  
**Kommunalsjef for oppvekst, Ole Gunnar Krakhellen**  
**Kommunalsjef for helse og omsorg Katrine Evebø**

**Sekretariat for møtet:**

**Marit Silje Husabø**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Formannskapet valde ordføreren, Svein Jarle Slinde (Sp) og Frode Bøthun (KrF) til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

Varaordfører Vibeke Johnsen leia møtet frå møtestart til kl 12.00, då ordføraren var i innspelsmøte til Regional transportplan.

Sakene vart handsama i følgjande rekkefølge:

Punkt C1 i sak 16/21, sakene 3/21 - 6/21, punkt B1 i sak 16/21, sakene 7/21 - 15/21, sak 17/21 og 18/21 før resterande punkt i sak 16/21.

**Sak 3/21**  
**Investering - veganlegg Kaupanger næringsområde**

**Vedtak, samrøystes:**

**Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

1. Det vert gjennomført investeringar for kommunale veganlegg i Kaupanger næringsområde i samsvar med føringar i saka. Tiltak som skal gjennomførast er oppgradering av vegbane og etablering av fortau m.m. Det vert sett av ein rammepott til tiltaka på kr 1.300.000 (inkl. mva).
2. Finansieringa vert gjort ved opptak av lån.

**Sak 4/21**  
**Retningslinjer for flagging**

**Vedtak, samrøystes:**

**Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

1. Flaggreglement for Sogndal kommune blir vedteke slik dei ligg føre.

**Sak 5/21**  
**Forskrift om folkevalde si godtgjerdsle i Sogndal kommune - endring**

**Vedtak, samrøystes:**

**Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

1. Endringsforskrift som tillegg til forskrift om folkevalde si godtgjerdsle i Sogndal kommune.  
Det blir gjort fylgjande endringar:  
§ 3a første setning vert endra slik:  
Ordføraren si godtgjerdsle vert sett til 90 % av stortingsrepresentantane si godtgjerdsle. Endringa har verknad frå 01.01.21

**Sak 6/21**  
**Politikarløysing**

**Frå rådmannen låg det føre slik tilråding:**  
**Formannskapet rår kommunestyret til gjere slikt vedtak:**

1. Politikarane får office 365-lisens som gir kommunal e-postadresse og tilgang til naudsynte digitale arbeidsverktøy. Kostnaden vert dekkja innanfor gjeldande budsjettramme.
2. Politikarane nyttar eigne mobilar, nettbrett eller datamaskiner til å få tilgang til kommunal e-postadresse, lese sakspapir m.m.

**Endringsframlegg:**  
**Formannskapet** sette fram slikt framlegg som endring i punkt 1:  
Inntil 50 politikarar får office 365-lisens som gir...

**Avrøysting:**  
Tilrådinga frå rådmannen med endringa frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

**Vedtak:**

**Formannskapet rår kommunestyret til gjere slikt vedtak:**

1. Inntil 50 politikarar får office 365-lisens som gir kommunal e-postadresse og tilgang til naudsynte digitale arbeidsverktøy. Kostnaden vert dekkja innanfor gjeldande budsjettramme.
2. Politikarane nyttar eigne mobilar, nettbrett eller datamaskiner til å få tilgang til kommunal e-postadresse, lese sakspapir m.m.

**Sak 7/21**  
**Heilskapleg ROS-analyse**

**Vedtak, samrøystes:**

**Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) for Sogndal kommune vert vedteken slik den ligg føre. Den heilskapelege ROS- analysen vert med det forankra i kommunestyret i samsvar med krav i Sivilbeskyttelseslova §14 og Forskrift om beredskapsplikt §2.

ROS-analysen, inkl. akseptkriteria, vert lagt til grunn for det førebyggjande risiko- og sårbarheitsarbeidet i kommunen, herunder utarbeiding av kommunale planer og beredskapsplan for kriseleiing.

**Sak 8/21**  
**Masterplan for reisemålet Sogn 2021-2030 - høyringsinnspel**

**Vedtak, samrøystes:**

**Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogndal kommune stiller seg bak måla, strategiane og innsatsområda som er løfta opp i planen, og støttar formuleringane av intensjon, visjon, misjon, verdiar og posisjon slik dei ligg føre i planutkastet. Verdien av å bli ei heilårsnæring vert særleg understreka.
2. Sogndal kommune oppmodar Sogn Regionråd om å drøfte grunnlaget for eit styrka samarbeid rundt oppfølginga av alle delane av planen, ikkje berre marknadsføringa og det som ligg til Visit Sognefjord i dag, i samband med ny regionalplan.
3. Sogndal kommune oppmodar styret i Visit Sognefjord om å sette på dagsorden kva som skal vere omfanget av Visit Sognefjord si rolle i framtida, samt korleis kommunane, næringa, fylkeskommunen og andre aktørar kan styrke samhandlinga seg i mellom og med Visit Sognefjord for å lukkast med målsetjingane i planen.
4. Sogndal kommune ynskjer ei tydeleg satsing på bærekraftige turister i strategien. Det bør prioriterast å få turistar som blir verande lenger, og reiser lokalt, framfor turister som har korte opphald og reiser langt.

**Sak 9/21**  
**Regionalplan for Sogn regionråd 2021-2024 - høyringsinnspel frå Sogndal kommune**

**Vedtak, samrøystes:**

**Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slik vedtak:**

1. Sogndal kommune stiller seg bak dei fire hovudsatsingane og ti satsingsområda i planen.
2. Planen skapar eit godt grunnlag for eit styrka regionalt samarbeid i ei viktig tid, og gjev eit godt kunnskaps- og avgjerdsgrunnlag for vidare arbeid. Planen har

god sammenheng og forankring med Sogndal kommune sine overordna styringsdokument.

3. Det er kritisk viktig at satsingsområda vert følgt opp med praktisk handling og tydeleg prioritering i dei årlege handlingsplanane.

**Sak 10/21**  
**Bruk av ordførarkjedet**

**Frå rådmannen låg det føre slik tilråding:**  
**Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

1. Retningslinjer for bruk av ordførarkjede blir vedteke slik dei ligg føre.

**Endringsframlegg:**

**Karen Marie Hjelmseter (Sp)** sette fram slikt framlegg som endring i retningslinjene § 2a, tredje kulepunkt:

- innviing av offentlege anlegg.

**Avrøysting:**

Tilrådinga frå rådmannen og framlegget frå Karen Marie Hjelmseter (Sp) vart samrøystes vedteken.

**Vedtak:**

**Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

1. Retningslinjer for bruk av ordførarkjede blir vedteke slik dei ligg føre, med fylgjande endring i § 2a, tredje kulepunkt:
  - innviing av offentlege anlegg.

**Sak 11/21**  
**IKT driftsamarbeid**

**Frå rådmannen låg det føre slik tilråding:**  
**Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

1. Kommunestyret gjer vedtak om at Sogndal kommune trer ut av samarbeidet med SYSIKT.
2. Rådmannen får mynde til å formalisere fråtreiding av samarbeidet.

3. Rådmannen får mynde til å forhandle fram avtale med ny leverandør/samarbeidspart. Avtalen skal leggest fram til kommunestyret til handsaming.

**Handsaming:**

Henny-Kristin Asperanden Navarsete (Ap) sette fram slikt framlegg:  
Saka vert utsett.

Henny-Kristin Asperanden Navarsete (Ap) røysta for utsettingsframlegget, og saka vart realitetshandsama.

**Avrøysting:**

Rådmannen si tilråding vart vedteken mot røysta frå Henny-Kristin Asperanden Navarsete (Ap).

**Vedtak:**

**Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

1. Kommunestyret gjer vedtak om at Sogndal kommune trer ut av samarbeidet med SYSIKT.
2. Rådmannen får mynde til å formalisere fråtreiding av samarbeidet.
3. Rådmannen får mynde til å forhandle fram avtale med ny leverandør/samarbeidspart. Avtalen skal leggest fram til kommunestyret til handsaming.

**Sak 12/21**  
**DigiVestland - samarbeid om digitalisering i Vestland**

**Vedtak, samrøystes:**

**Formannskapet rår kommunestyret til gjere slikt vedtak:**

1. Kommunestyret delegerer til rådmannen å inngå avtale om regionalt digitaliseringssamarbeid, DigiVestland.

**Sak 13/21**  
**Sogndal kulturhus - drift og investeringar**

**Vedtak, samrøystes:**

## **Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

Frå 1. mai 2021 vert Sogndal kulturhus ein del av kulturadministrasjonen i kommunen. Kommunestyret vedtek slike rammer for verksemdoverdraginga:

### 1. Målsettingar

- o Kulturhuset skal utviklast som ei kulturell storstove både for regionen og eigne innbyggjarar, og slik gjera huset til ein naturleg samlingsplass.
- o Kulturhuset skal vektleggje arbeidet mot lokale lag og organisasjonar for å auke den lokale aktiviteten på kulturhuset.
- o Kulturhuset og kulturadministrasjonen skal vera ei drivkraft- og kompetansesenter i å skipa til ulike framsyningar både i- og utanfor kulturhuset.
- o Kulturhuset skal styrke oppgåva som regionalt kulturhus gjennom å utvikle nærare samarbeid med institusjonar nasjonalt og regionalt, med mål om fleire gjestespel og regionale produksjonar. Det skal etablerast fleire og nye kulturuttrykk, som dans og visuell kunst, som ein del av kulturhuset sitt tilbod.
- o Kulturhuset skal halde fram å drive ein god kino, med variert filmtilbod, også kvalitetsfilmar med smalare publikumsappell.
- o Kulturhuset skal gjennom forpliktande samarbeid og samskaping med bibliotek og kulturskule arbeide for nye og fleire tilbod som når nye målgrupper, og der inkludering vert vektlagt.

### 2. Drift

Det vert oppretta eit nytt ansvar for drift av kulturhuset *751 Sogndal kulturhus*. Det vert vedteke ei netto driftsramme på kr 825.000 med tilsvarende reduksjon i FDV-tilskot frå Teknisk drift ansvar *635 Sogndal kulturhus*.

Ei naudsynt driftsramme for å sikre drifta på dagens nivå er i denne saka vurdert til å vere ei netto løyving på kr 1,3 mill. på årsbasis, dvs. auke på kr 500.000 ramma som vert avsett her. Det er lagt opp til å innarbeide slik auke i driftsramme med tilhøyrande finaniering i samband med 1. tertial/ budsjettrevisjon.

Det skal i samband med 1. tertial/ budsjettrevisjon bli teke stilling til ytterlegare auka budsjettamme til nye kulturiltak i samsvar med tilråding frå arbeidsgruppa.

### 3. Investeringar



Skissert investeringsramme og finansiering av denne i denne saksutgreiinga vert lagt til grunn for vedtak om investeringar i kulturhuset. I samsvar med vedtak for budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 vert investeringsramme fastsett i 1.tertial/budsjettrevisjon, ev. i seinare budsjettvedtak.

Det vert vedteke ei netto ramme på kr 200.000 til planlegging av investeringar, slik at planarbeid kan halde fram, og at ombygging av 2. etasje ikkje stoppar opp. Finansiering vert gjort med lån.

Bakgrunn for dette er at budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 føresett at planarbeid skal halde fram, men utan at det er avsett midlar til arbeidet.

**Sak 14/21**  
**Flytting av budsjettmidlar frå Helse og Omsorg til Plan og Samfunn**

**Vedtak, samrøystes:**

**Formannskapet rår kommunestyret til gjere slikt vedtak:**

1. Kommunestyret vedtek å redusere ramma til helse og omsorg med kr 5 459 000 og samtidig auke ramma til plan og samfunn med kr 5 459 000.

**Sak 15/21**  
**Prosess budsjett og økonomiplan**

**Vedtak, samrøystes:**

**Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

Kommunestyret sluttar seg til prosessen for arbeid med budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025.

**Sak 16/21**  
**Skriv og meldingar, drøftingar og orienteringar i formannskapet 10. februar 2021**

**Følgjande skriv, meldingar, drøftingar og orienteringar vart handsama:**

**A. Skriv og meldingar**

1. Spørsmål frå folkevalde
2. Høyringsvar på NOU 2020:12 – Næringslivets betydning for levande og bærekraftige lokalsamfunn
3. Høyring av Statnett si konseptvalutgreiing (KVU) med behovsvurdering og ekstern kvalitetssikring, for Bergen og omland
4. Digitalisering i offentlig sektor

## B. Drøftingar

1. Evaluering av politiske møter 2020, og vegen vidare  
*Gruppeleiarane som ikkje er medlemmar i formannskapet vart invitert til å delta i drøfting av punktet; Arne Glenn Flåten (H), Rita Navarsete (FrP) og Ståle Loftesnes (MDG).*

## C. Orienteringar

Frå rådmannen:

1. Status samfunnsdelen
2. Ny krisepakke som følge av covid-19 - Prop. 79 S (2020 - 2021)
3. Budsjettfordelingsmodell skule
4. Anke av tingrettsdom
5. Bustadpolitikk
6. Skyss-stasjonen
7. Kraft og finans
8. Status Covid-19 i Sogndal kommune
9. Einslege mindreåringar flyktingar  
*Formannskapet vedtok å lukke møtet under orienteringa, jamfør kommunelova § 11-5 ledd*

Frå ordføraren:

1. Protokoll frå kommunestyret 10. desember 2020

## D. Innkomne spørsmål frå representantane

Trude Risnes (V):

- Korona: Korleis ivaretek Sogndal kommune born og unge  
*Administrasjonen svarte i møte.*
- Spørsmål om praksis ved rettleiing og oppfølging av forureiningssaker  
*Utsett til kommunestyret 18. februar 2021*

Henny-Kristin Asperanden Navarsete (Ap):

- Korleis fyl administrasjonen opp saka om sjikane mot tilsette i sosiale media?  
*Administrasjonen svarte i møte.*

Gunnhild Bøyum (H):

- Møteprotokoll kommunestyret 10. desember 2020

*Ordfører svarte i møte, protokollen vert lagt fram for kommunestyret  
18. februar 2021*

**Sak 17/21  
Innløysing av festeavtale for eigedom gnr. 22, bnr 118**

**Frå rådmannen låg det føre slik tilråding:  
Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

Sogndal kommunestyre godkjenner avtale, jf. vedlegg 1 mellom Asle Hillestad og Sogndal kommune om innløysing av festeavtale for eigedom gnr. 22, bnr. 118 på Rutlin i Sogndal.

Rådmannen følger opp naudsynt arbeid med gjennomføring av avtalen.

**Endringsframlegg:  
Henny-Kristin Asperanden Navarsete (Ap) sette fram slikt framlegg:**

Sogndal kommunestyre inngår ikkje avtale om innløysing av festeavtale. Sogndal kommune har mykje eldre bustadar av varierende kvalitet. Det er vedteke at kommunestyret skal få ei oversikt over denne bustadmassen for så å ta stilling til sal av denne. Ved bygging av nye kommunale bustadar vil kommunen komma inn under gunstige støtte- og låneordningar. Kommunestyret ber administrasjonen leggja fram ein plan for ei slik framtidig utnytting av arealet som kommunen har festeavtale på

**Avrøysting:**

Henny-Kristin Asperanden Navarsete (Ap) røysta for endringsframlegget frå Henny-Kristin Asperanden Navarsete, og framlegget vart forkasta.

Tilrådinga frå rådmannen fekk 8 røyster frå Sp, Sv, H, V og KrF.

**Vedtak:**

**Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

Sogndal kommunestyre godkjenner avtale, jf. vedlegg 1 mellom Asle Hillestad og Sogndal kommune om innløysing av festeavtale for eigedom gnr. 22, bnr. 118 på Rutlin i Sogndal.

Rådmannen følger opp naudsynt arbeid med gjennomføring av avtalen.

**Sak 18/21**  
**Tariffoppgjeret 2021**

**Frå rådmannen låg det føre slik tilråding:**  
**Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogndal kommune sluttar seg til innspela som går fram av vurderingane i saka og sender desse vidare til KS.

**Administrasjonsutvalet** gjorde slikt vedtak i møte 10. februar 2021:  
Administrasjonsutvalet tek saka til orientering og opnar for at fagforeiningane får høve til å koma med sine innspel annan 15. februar til kommunestyret sitt møte 18. februar 2021.

**Endringsframlegg:**

**Formannskapet** sette fram slikt framlegg:

Sogndal kommune gjev uttale til KS om Tariffoppgjeret 2021 med grunnlag i saksutgreiing, innspel frå organisasjonane og følgjande innspel frå Arbeidarpartiet:

Prosentvise tillegg og store tillegg til leiarar medfører at dei som har høgast løn får meir enn dei som er lågt løna. Ved tillegg gitt som sentrale, generelle kronetillegg minskar me skilnadar. Generelle kronetillegg er det som bidreg mest til å minska lønsskilnad mellom dei høgast og lågast lønna, samt mellom kvinner og menn.

Formannskapet ber administrasjonen leggja fram lønnsstatistikk over dei tilsette i kommunen. Me er ikkje ute etter namn, men stillingsgrupper og snittløn. Ber om at dette vert lagt fram for kommunestyret førstkomande.

**Avrøysting:**

Framlegget frå formannskapet vart samrøystes vedteke.  
Tilrådinga frå rådmannen kom ikkje opp til avrøysting.

**Vedtak:**

**Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogndal kommune gjev uttale til KS om Tariffoppgjeret 2021 med grunnlag i saksutgreiing, innspel frå organisasjonane og følgjande innspel frå Arbeidarpartiet:

Prosentvise tillegg og store tillegg til leiarar medfører at dei som har høgast løn får meir enn dei som er lågt løna. Ved tillegg gitt som sentrale, generelle kronetillegg minskar me skilnadar. Generelle kronetillegg er det som bidreg mest til å minska lønsskilnad mellom dei høgast og lågast lønna, samt mellom kvinner og menn.

Formannskapet ber administrasjonen leggja fram lønnsstatistikk over dei tilsette i kommunen. Me er ikkje ute etter namn, men stillingsgrupper og snittløn. Ber om at dette vert lagt fram for kommunestyret førstkomande.